

FANGST OG SKJELPRØVAR I AUDNA


Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2013 var 767 per år (snittvekt 2,3 kg), fangstane låg mellom 400 og 1200 dei fleste åra (**figur 1**, stolpar). Etter at det var svært dårleg fangst i 2010 (98 laks), vart det i 2011 fanga heile 1231 laks, som er mellom det meste som er registrert i elva. I 2013 var fangsten redusert til 800 laks (snittvekt (2,9 kg). Sjølv om mellomårsvariasjonen er stor, er det ein tendens til aukande fangstar gjennom perioden.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2013 var 194 per år (snittvekt 1,0 kg). Fangstane har variert usystematisk, frå nær 500 i 1995 og -96, til berre 12 i 2010. I 2013 vart det fanga 133 sjøaure (snittvekt 1,2 kg), ein nedgang i høve til året før.

Det er visse likskapstrekk mellom fangstutviklinga i Audna og i resten av fylket (**figur 1**, linjer), men også fleire år med klare avvik.

Sidan 2009 har ein del av den fanga fisken vorte sett levande ut att i elva. For laks har det utgjort ca. 10 % av fangsten dei fire siste åra. I 2010 og 2011 vart over 90 % av sjøaurane sett ut att, i 2012 ca. 24 %, og i 2013 ca. 11 %.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Audna i perioden 1995-2013 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer fangst i resten av Vest-Agder, utanom Audna. NB! Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Me mottok til saman 42 skjelprøvar av laks frå fiskesesongen i Audna i 2013 (**figur 2**). Alle laksane var sikre villaks, som hadde vore 2-3 år i elva før dei gjekk ut som smolt. Sjøalderen varierte frå ein til 5 sjøvintrar, og heile 9 av laksane (21 %) hadde gytt før, ein uvanleg høg andel.

To-sjøvinterlaks var den klart mest talrike sjøaldergruppa, nokre av desse var under 3 kg (tert; **figur 2**). Tilsvarande var nokre av tre- og firesjøvinter laksane under 7 kg (mellomlaks). Normalt vil to-sjøvinterlaks vera 3-7 kg og eldre fisk vil vera over 7 kg, men på grunn av dårleg sjøvekst etter 2004, er ein del av laksane no meir småvaksne.



FIGUR 2. Vektfordeling av ulike sjøaldergrupper av laks fanga i Audna i 2013. Dei loddrette linjene viser grensa mellom smålaks (<3 kg), mellomlaks (3-7 kg) og storlaks (>7 kg), jf. **figur 1**.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

Skjell 2013


FANGST OG SKJELPRØVAR I LYGNA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg fangst av laks i perioden 1995-2013 var 384 per år (snittvekt 2,3 kg). Fangstane auka jamt frå seint på 90-talet og fram til 2005, deretter har det vore sin god del mellomårsvariasjon (**figur 1**, stolpar). Dei høgaste fangstane var i 2011 og 2012, med høvesvis 917 og 851 laks. I 2013 vart det fanga 601 laks (snittvekt 2,5 kg). Det er därleg samsvar mellom fangst av laks i Lygna og resten av fylket (**figur 1**, linje).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1995-2013 var 420 per år (snittvekt 0,9 kg). Etter rekordåret 2000, då det vart fanga 1324 sjøaure, har fangstane gått jamt nedover. I 2013 vart det fanga 88 sjøaure (snittvekt 0,8 kg), den lågaste fangsten som er registrert i heile perioden. Utviklinga i sjøaurefangstar er svært lik det ein ser i resten av fylket, noko som indikerer at dei viktigaste faktorane ikkje er særegne for Lygna..


Sidan 2009 har ein del av den fanga fisken vorte sett levande ut att i elva. Dei siste fire åra har 15-30 % av laksen og 45-65 % av sjøauren vorte sett ut att, i 2013 var andelen høvesvis 20 og 57 %. Gjenutsett fisk er inkludert i fangststatistikken.



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Lygna i perioden 1995-2013 (antal, stolpar). Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser fangst i resten av Vest-Agder utanom Lygna. NB! Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

Det vart berre sendt inn skjelprøvar av to laksar. Den eine var ein vill 3-sjøvinterlaks (92 cm / 6,8 kg), som hadde vore to år i elva, og gått ut som smolt 12,5 cm lang (**figur 2**, raud linje). Den andre var også ein villlaks (62 cm / 2,0 kg), som hadde vore tre år i elva, gått ut som smolt 13,4 cm lang, og deretter vore ein vinter i sjøen (**figur 2**, blå linje)



FIGUR 2. Attenderekna vekst for to laks som vart fanga i Lygna i 2013.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no